



Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 2. mai 2019
Tid: Kl. 15.30
Møtenr.: 3/2019

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Faste medlemmer som har møtt

Namn

Sigrid Marie Fangel
Rasmus Fitjar
Helga Olsen Aadland
Mette E. Lambach
Bodil Nesse
Gunnvald Aarbø
Roald Drønen

Funksjon

Leiar
Nestleiar
Medlem
Medlem **N.B. Ord for dagen**
Medlem
Medlem
Sokneprest *gjekk før sak 19/19*

Harald Rydland

Kyrkjeverje

Forfall:

Namn

Terje Havro
Sindre Aarbø
Sigurd André Maraas

Funksjon

Medlem
Medlem
Kommunal representant

Varamedlemmer som møtte:

Namn

Peder Rygg Drønen

Funksjon

1. varamedlem *gjekk før sak 19/19*

Varamedlemmer som ikkje møtte:

Namn

Arne Prestbø
Solbjørg Larsen Tverderøy
Tove Helen Løland Aarskog
Åse Rygg H. Nøttveit
Svein Arne Theodorsen
Agnar Aarskog

Funksjon

2. varamedlem
3. varamedlem
4. varamedlem
5. varamedlem
Vara for soknepresten
Vara for kommunal representant



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sakliste:

Saksnr. Tittel

Sak for kommunal
representant

| | | |
|---------|--------------------------------------|--|
| S-15/19 | Soknerådsvalet, godkjenning av liste | |
| S-16/19 | Oppsummering etter soknemøte | |
| S-17/19 | Arrangement i kyrkja sin regi | |
| S-18/19 | Referat frå sist møte | |
| S-19/19 | Meldingssaker | |
| S-20/19 | Open post | |

S-Sak 15/19: Soknerådsvalet, godkjenning av liste

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner følgjande liste for soknerådsvalet 2019:

1. Sigrid Marie Fangel
2. Svein Lunde
3. Anne Marie Røed
4. Håkon Rydland Sæbø
5. Hilda Gloppen
6. Herman Inge Aadland
7. Jostein Skram
8. Magnor Tverderøy
9. Karin Maria Korsvik
10. Tom Rydland
11. Wenche Andersen Helland
12. Åse Rygg Nøttveit
13. -----

Behandling i Fitjar sokneråd 2. mai 2019:

Nominasjonskomiteen har no avslutta arbeidet sitt. Dei har lagt fram ei liste med 12 namn. Kyrkjevalreglane seier at ein må ha minimum 13 namn, difor må det føyast til eitt namn til på lista. Til no har ikkje andre enn nominasjonskomiteen komme med listeframlegg.

Fristen for innlevering av listeframlegg til valstyret (soknerådet) er sett til 30. april. Listene skal vera godkjent av valstyret (soknerådet) seinast den 6. mai, for deretter og leggjast ut til offentleg ettersyn.

På nominasjonskomiteen si liste har me desse namna:

1. Sigrid M. Fangel
2. Svein Lunde
3. Anne Marie Røed
4. Håkon Rydland Sæbø
5. Hilda Gloppen
6. Herman Inge Aadland
7. Jostein Skram
8. Magnor Tverderøy
9. Karin Maria Korsvik
10. Tom Rydland
11. Wenche Andersen Helland
12. Åse Rygg Nøttveit



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Medlemene i soknerådet vert oppmoda om å arbeida for å finna ein kandidat til som kan setjast på lista før den vert godkjent på soknerådsmøte.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet ynskjer å takka nominasjonskomitéen for godt arbeid. Soknerådet ynskjer å lyfta fram yngre kandidatar og ha ein nokonlunde lik fordeling av begge kjønn, og dei godkjenner difor fylgjande liste for soknerådsvalet 2019:

1. Sigrid Marie Fangel
2. Håkon Rydland Sæbø
3. Anne Marie Røed
4. Svein Lunde
5. Hilda Gloppen
6. Herman Inge Aadland
7. Wenche Andersen Helland
8. Jostein Skram
9. Magnor Tverderøy
10. Karin Maria Korsvik
11. Tom Rydland
12. Åse Rygg Nøttveit
13. -----

Soknerådet nyttar tida inntil fristen går ut til å supplera med minimum ein person til på lista.

S-Sak 16/19: Oppsummering etter soknemøte

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vil be om at arbeidsutvalet held fram arbeidet, med saksutgreiinga og det som kom fram gjennom drøftinga i møtet som bakgrunn . Oppdatering om framdrifta i arbeidet vert å leggja fram i neste soknerådsmøte.

Behandling i Fitjar sokneråd 2. mai 2019:

På soknemøte den 7. april inviterte soknerådet kyrkjelyden til å komma med synspunkt på kva summen som er att på fondet for kyrkjelydsprest bør brukast til. Det står no om lag kr. 640.000 på fondet.

Soknerådet sitt arbeidsutval drøfta saka i møte den 26. april. Arbeidsutvalet meiner soknerådet bør arbeida vidare med saka, for å få styrka viktige deler av kyrkjelyden sitt arbeid gjennom bruk av fondsmidlane.

Soknerådet meiner at det er viktig å fokusera på diakoniarbeid også blant unge.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet vil be om at arbeidsutvalet held fram arbeidet, med saksutgreiinga og det som kom fram gjennom drøftinga i møtet som bakgrunn. Oppdatering om framdrifta i arbeidet vert å leggja fram i neste soknerådsmøte.

Soknerådsleiar ber medlemmane gje henne tilbakemelding innan 14 dagar om fyljande:

Kva vil me oppnå?

Korleis får me det til?



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

S-Sak 17/19: Arrangement i kyrkja sin regi

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Behandling i Fitjar sokneråd 2. mai 2019:

Arrangement som er gjennomført:

- Barnas påskevandring og påskefest vart veldig bra. Det er flott at trusopplerar er så aktiv i familiegudstenestene. Me er veldig takksame.
- Det vart god oppslutning og fine gudstenester med gode preiker i påska både i kyrkja og på Dåfjord slipp.
- Det har komme gode tilbakemeldingar om temakvelden.

Arrangement som skal gjennomførast:

- Onsdag 8. mai vert det samtalegudsteneste med konfirmantane med fest etterpå i Bedehuset. Konfirmantforeldre frå i fjor har ansvar for festen.
- Laurdag 11. mai og søndag 12. mai er det konfirmasjonshelg.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet tek meldingane om arrangement i kyrkja sin regi til orientering.

S-Sak 18/19: Referat frå sist møte

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 21. mars 2019.

Behandling i Fitjar sokneråd 2. mai 2019:

Referatet frå møte den 21. mars vart etter møtet sendt til medlemmane for godkjenning. Det endelege referatet er etter godkjenningsprosessen lagt ut på kyrkja si heimeside.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

S-Sak 19/19: Meldingssaker

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Behandling i Fitjar sokneråd 2. mai 2019:

I møtet vert det orientert om desse sakene:

1. Sommarvikarar på kyrkjegarden v/kyrkjeverje
Det har komme nok søkjarar (12-13 stk.) til jobben slik at ein kan ha to vikarar saman gjennom heile sumaren.
2. Prosjekt på kyrkjegarden, status og framdrift v/kyrkjeverje
Ein ventar på godkjenning av planen frå riksantikvaren før ein kan lysa ut anbod.
3. Bruk av kyrkja til brudevigsler for andre enn medlemmer som er busette i soknet v/kyrkjeverje
Soknerådet var einige om at medlemmer i Den Norske Kyrkja skal få gratis tilbod om bruk av kyrkja til vigsel sjølv om dei ikkje bur i kommunen vår. Dei som ikkje er medlem må betala kr. 3000 for leige av kyrkjebygg og organist, evt. minus kr. 1000 viss dei ikkje nyttar seg av organisten vår. Dersom dei nyttar annan organist må det vera i samråd med vår organist.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

Sak 20/19: Open post

Parkering under veibygging v/kyrkjeverje

Kyrkjeverje anbefalar kyrkjelyden å holda seg orientert gjennom heimesida på nett om parkering ved kyrkja, spesielt under konfirmasjonen.

Signering:

Sekretær

Leiar